

Innspel til «Plan for trafikksikring i Osterøy Kommune»

Plan for trafikksikring i Osterøy kommune ligg no ute for høyring. I den samanheng ser me i Tide buss eit stort behov for å komma med innspel.

For å samordna våre innspel har me satt ned ei gruppe der verneombud, tillitsmann NTF og tillitsmann YTF er deltakara. Me ser på oss som ein profesjonell aktør med brei kompetanse til å komma med innspel. Og ikkje minst så kjenner me Osterøyvegane. Vår bakgrunn ligg i til saman mange titals år som bussjåfør, mangeårig brannmann og bakgrunn ifrå vegvedlikehald på blant anna Osterøy.

Samstundes så har me påtatt oss dei verv me har i bedrifta fordi me har eit stort engasjement for at kollegar skal trivast og ferdast trygt på vegane.

Me ferdast i trafikkbildet med kanskje dei mest plasskrevjande kjøretøya med tanke på mange smale og svingete vegar som da framleis er på Osterøy.

Etter å ha lese plan grundig har me funne bakgrunn for å vera litt kritisk til delar av planen. Planen syner ein klar visjon, nemlig 0 visjonen. Samstundes så peikar planen ut kva som er årsaken til brorparten av ulykkene på Osterøy, nemlig utforkjøring. Då må jo sjølvsagt fokus vera tungt inne på da området. Men det føler me ikkje at planen ivaretar.

Me meina da er så mange områder langs vegane som burde sikrast betre då ei utforkjøring vil kunne få veldig store konsekvensar. Om da er bilar, lastebilar eller bussar spelar i utgangspunktet ingen rolle, men om ein ser for seg ein skulebuss med 40 skuleborn kjøre utfor og går rundt gang på gang ned ei usikra skråning så er det fatalt. Det er slike punkt me meina burde vore sjølvsagt å ha med i planen. Om ikkje ein ser faren for potensielle ulykker så vil dagen komma der det skjer noko. Om ein ikkje har fokus på detta så meiner me planen vert basert på at « det har jo gått bra før».

Våre konkrete risikopunkt har me samla i eit skjema med angitt vegnummer og forslag til tiltak. I skjemaet har me også tatt opp nokon punkt ifrå planen der me har innspel på tiltak.

Me har også med nokon punkt relatert til den mjuke trafikkant og vårt arbeidsområde, nemlig busshaldeplassar. Når me meiner fokus må vera på utforkjøringar så betyr det ikkje at det skal gå på bekostning av andre ting. Den mjuke trafikkant har lite tilrettelagt på Osterøyvegane. Det seg vera gang/sykkelveg, overgangsfelt, belysning og busshaldeplassar.

For vår del så er manglande belysning og dårlige eller fråverande haldeplassar ei stor utfordring. Veldig mange stader har me berre busstoppskilt å forholda oss til og må foreta av/påstigning i veggana der passasjerane nyttar ei mørklagt grøft som haldeplass. Når ein veit at veldig mange av våre passasjerar er barn, eldre og ikkje funksjonsfriske så er risikoen for at da kan skje noko veldig høg. Fokuset hjå bussjåførane er stor, men det er ei tung byrde å bera for sjåførane å åleine ta ansvar for tryggleika.

Rasfare og dertil sikring er noko av det planen ivaretar best. Her er områda kjente og planen har ei klar prioriteringsliste. Det me gjerne ville ha gjort var å ha lik prioritering på heile strekninga ifrå Votlo/Haus til Bruvik.

Så til eit siste men viktig punkt for oss i Tide buss. Det gjeld strekninga mellom Leikneset og Kvisti. Her er det veldig stor trafikk som føre til at det vert mykje rygging og oppsamling av bilar på strekninga. Og det med oppsamling av bilar er vesentlig. Når ÅDT på strekninga er høg og det vert ei slik samling på dei mest rasutsatte stadene så må ein sjå kva det gjer med risikoen for at nokon kan verta råka ved eit eventuelt ras.

Det er her me gjerne vil ha sett på kva mulighet som ligg der. Det er ein veldig bra veg gjennom Mjeldalen, rett nok litt lengre men med om lag lik reisetid. Derfor ynskjer me at det vert sett på mulighet for å flytta trafikkbildet med enten restriksjonar eller fartstiltak som gjer at folk vel å kjøra den sikre vegen. Vårt store håp for strekninga er å få vegen stengt for gjennomkjøring. Dvs. berre open for buss, utrykningskjøretøy og dei som bur på strekninga. At strekninga er omkjøringsveg for Tirsåstunnelen er ikkje noko hinder for det då ein slik restriksjon lett kan opphevast for korte periodar med skilting.

Ei anna løysing er tiltak retta mot fartsreduksjon slik at strekninga vert mindre attraktiv å nytta. Tiltak då vil vera lav fartsgrense og fartsdumper/puter. Viktig å presisera at fartsdumper bør vera i form av puter der bussar kan kjøre med hjul på kvar side av desse.

For Tide Buss as

Verneombud Helge Olav Rolland

Tillitsvalgt NTF Steinar Reigstad

Tillitsvalgt YTF Magne Skodvin

NYE OMRÅDER

Vegnr.	Strekning / stad	Utfordring	Ynskje om tiltak
C RV 566	Ambogen	Dårlig sikt ut frå veg frå Haus	Fjerne deler av jordvoll
C FV 566	Vesetgjelet	Mangler sikring mot elv	Rekkverk
C FV 566	Orrheia - Mæle bru	Mangler sikring	Rekkverk
C FV 566	Skjerping - Hartveit	Mangler sikring	Rekkverk
C FV 567	Hauge	Vanskelig å sjå passasjerer ved busstopp retning Valestrand	Lys ved busstoppet
C FV 567	Hauge skule	Dårlig sikt ut frå bussterminal	Fjerne deler av jordvoll
C FV 567	Heldal	Mangler sikring mellom Helldal kryss og Mjøs pels	Rekkverk
C FV 359	Mjeldalen - Ambogen	Mangler sikring ved Blautmyrsvingen	Rekkverk
C FV 360	Kvist - Leikneset	Lave støypekanter / mangler sikring	Høgare støypekanter / rekkverk
C FV 365	Varmyra Kvammen	Lav støypekant, dårlig sikring	Høgare støypekant / rekkverk
C FV 365	Eikeland - Øyjord	Lav støypekant, dårlig sikring	Høgare støypekant / rekkverk
C FV 365	Solhaug - Hamreplass	Mangler sikring før utvida bru	Rekkverk
C FV 365	Bleikli	Mangler sikring i Kvernhusbrekka	Rekkverk
C FV 366	Tepstad	Mangler sikring frå Møbelfabrikk mot Tepstad	Rekkverk
C FV 367	Hjellvik	Mangler sikring deler av strekningen Hjellvik	Rekkverk
C FV 367	Rakes - Dale	bedehus til Raknes Mangler sikring deler av vegen	Rekkverk
C FV 367	Hjellvik - Børtveit	Mangler sikring mot elv	Rekkverk
C FV 367	Greve - Borge	Mangler sikring deler av vegen	Rekkverk
C FV 367	Borge - Hauvikdalen	Mangler sikring ved badeplass	Rekkverk

C	FV 368	Fotland grendahus - Grønskaret	Mangler sikring langs vatnet	Rekkverk
C	FV 368	Kjørgrøvi - Hatland	mangler sikring i sving	Rekkverk
C	FV 363	Hatland - Rymleheia	Farleg utkjøring frå bussterminal, manler fortau	Flytte fotgjengerovergang nermere Rymleheia
C	KV Myking	Myking - Kallekleiv	Mangler sikring langs heile vegen	Rekkverk
C	KV Njåstad	Njåstad	Mangler snuplass	Ny snuplass
C	KV Hatland	Hatland skulesenter	Lite oversiktlig, mange farlige situasjoner	Einvegskjøring frå aust inn på terminal / parkeringsplass
C	KV Hatland	Lonevåg skule	Problem med mange privatbiler ved skuleslutt	Innkjøring forbudt for privatbiler til snusløyfe for buss
C	KV Vevele	Espevoll - Rongved	Mangler sikring	Rekkverk
C	KV Vevele	Rongved - Vevele	Mangler sikring	Rekkverk

KOMMENTARER TIL EKSISTERANDE FORSLAG

C	KV 52	Frå riksveg 567 - Hosanger	Auka tryggleik for gåande	Snuplass for buss ved skulen, evt. ved Mjøs metallfabrikk
C	FV 360	Montessoriskule Vikne	Hindre farleg kryssing av veg	Fartsdempande tiltak, fartsputer / god belysning
C	FV 361	Frå Haus senrum til kyrkja	Auka tryggleik for gåande	Bør gjelde heilt fram til bussterminal. Lys langs vegen og på bussterminal
C	FV 368	Bensinstasjon	Farleg å kryssa vegen	Nedsatt fartsgrense frå kryss bussterminal til Hatland skulesenter
C	FV 566	Mjeldalen - Tirsåstunellen	Hjort som krysser veg	Veglys langs heile denne strekningen
C	FV 566	Busshaldeplass Hannisdalen	Høg fart på kjøretøy	Ta vekk tiltak med redusert fartsgrense, vil gje fleire farlige forbikjøringer. Veglys ved busshaldeplass på begge sider av vegen.
C	FV 567	Hauge handel - skulen	Høg fart på kjøretøy	Dette er langs kommunal veg ?

D	FV 567 /	Fotlandsvåg sentrum	Utrygt for mjuke	Utbetring av eksisterande busslommer både i sentrum og ved butikken. Fartspuater gjennom sentrum og opp til skulen.	
	KV 46		trafikanter		
D	FV 567	Hoshovde - Hosanger	Utrygt for mjuke	Gangfelt	3 Tide Buss ynskjer å bytta prioritering på 3 og 4, dette utifrå daglige situasjoner som vert observert
D	FV 359	Mjeldalen	trafikanter Utrygt for mjuke trafikanter	Sykkel og gangfelt	4